
Vår referanse	2020/45972-3
Dato	22.12.2020
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632
Epost	endre.korsoen@vlfk.no

Etne kommune


5590 ETNE

Mowi ASA - Søknad om mindre endring av areal og flytting av forflåte i anlegg for oppdrett av stamfisk av laks på lokalitet 10147 Tungesvik i Etne kommune

Vestland fylkeskommune sender kopi av søknad motteke 18.12.2020 frå Mowi ASA om løyve til arealendring i anlegg for oppdrett av stamfisk av laks på lokalitet 10147 Tungesvik i Etne kommune.

Lokalitet 10147 Tungesvik er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 1235 tonn. Plasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 15.02.2016 for eit anlegg med 10 bur (25x25 m) i to rekkjer med ein fôrflåten plassert sør for merdanlegget.

Mowi ASA søkjer om endring og flytting av forflåten til nordsida av anlegget, samt å plassere to mindre bur i sørenden av anlegget. Endringa er illustrert i figuren under. Dei 10 bura som er godkjent i dag vil ha same plassering som før.



Figur 1 Dagens godkjente anlegg (til venstre) og det omsøkte anlegget (til høyre)

Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse i anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 1235 tonn.

Lokaliteten ligg utafor areal som er omfatta av kommuneplanen for Etne kommune.

Vestland fylkeskommune ber om at Etne kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (*jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Mowi ASA